

WTO-tak lagar trøbbel for prisvekst og kompensasjon

2022-05-11 06:21

Pris- og støtteordningane jordbruket krev er i strid med WTO-reglar, ifølgje staten. Analytikar trur WTO-avtalen kan måtte reforhandlast.

WTO-avtalen som Norge har forplikta seg til skaper trøbbel for partane i jordbruksoppgjæret.

Veksten som jordbruket krev i pris- og støtteordningar, kombinert med ei ny ordning for å skrive ned prisen på gjødsel, vil ifølgje staten gjere at WTO-taket for såkalla prisstøtte eller AMS blir overskride.

«Slik Statens forhandlingsutvalg vurderer det, overskrider jordbrukets krav AMS-taket både for 2022 og 2023, som følge av store økninger i målpriser, en egen kompensasjons-ordning for gjødsel og prisnedskrivning til kraftfôr. Statens forhandlingsutvalg forutsetter at en ny jordbruksavtale må være innenfor Norges internasjonale forpliktelser, jf. Hovedavtalen», skriv staten i tilbudet i jordbruksoppgjæret.

Nær taket på ny

Norge har gjennom Verdas handelsorganisasjon (WTO) forplikta seg til at nivået på det som blir definert som «gul støtte», eller AMS på fagspråket, ikkje skal gå over vel 11,4 milliardar kroner per år.

Prisstøtte over statsbudsjettet og varer med målprisar, som er ein form for politisk bestemt pris, blir rekna som AMS.

Sidan støttenivået blir rekna ut frå faste referanseprisar frå åra 1986 til 1988 fører auka målpris til at «støttenivået» automatisk går opp om produksjonsvolumet og avlingar held seg stabile.

For å unngå å overskride WTO-taket har målprisen blitt fjerna frå stadig fleire jordbruksvarer. I 2020 passerte støttenivå 11 milliardar kroner. Året etter blei målprisen på svin fjerna frå 1. juli 2021. Det fekk halv effekt for 2021 og frigjorde rom for auka målprisar på andre

The screenshot shows a news article from NATIONEN. The headline is "WTO-tak lagar trøbbel for prisvekst og kompensasjon". Below the headline is a sub-headline: "Pris- og støtteordningane jordbruket krev er i strid med WTO-reglar, ifølgje staten. Analytikar trur WTO-avtalen kan måtte reforhandlast." There is a photograph of several cows in a green field. Below the photo, there is a small text block: "© Sverre Solheimen Foto". At the bottom of the article, there is a green button that says "Digital" and "Bestill" with "10 ukor for 10kr" below it. At the very bottom, there is a footer with contact information for the newspaper, including phone numbers, email, and addresses.

varer.

Nå er det ifølgje staten på ny risiko for at taket kan bli overskride berre eitt år etter siste «WTO-grep».

Det sidan jordbruket krev over 1,5 milliardar kroner i auka målprisar i tillegg til ei ny kompensasjonsordning på gjødsel som er direkte knytt til prisnivået per kilo.

WTO-problematikken medverkar truleg til at staten heller vil kompensere gjødselkostnadene ved å auke tilskota til areal og husdyr, som det ikkje er avgrensingar på i WTO-reglane.

I tillegg tilbyr staten rundt 250 millionar kroner mindre i auka målprisar enn jordbruket krev.

- Press mot WTO

Kraftig prisvekst på jordbruksvarer internasjonalt medverkar til WTO-utfordringane.

Prisveksten internasjonalt fører til skyhøg kostnadsvekst på gjødsel og fôr. Med det følgjer eit behov for kompensasjon til bønder, men utrekninga av støttenivået opp mot WTO-taket er ifølgje AgriAnalyse knytt til norske prisar opp mot verdsmarknadsprisar frå 1986 til 1988.

Christian Anton Smedshaug, dagleg leiar i AgriAnalyse, seier det er eit aukande problem at referanseprisane som støttenivået blir rekna ut frå er statiske og 35 år gamle.

- WTO-taket blir ikkje inflasjonsjustert og dei faste referanseprisane er frå 1986 til 1988. Sjølv om tollvernet blir betre når prisane aukar globalt, så hjelper ikkje det når ein skal rekne ut AMS, seier Smedshaug.

Smedshaug seier situasjonen skaper aukande press i retning av å reforhandle WTO-avtalen.

På spørsmål om han meiner regjeringa bør ta initiativ til å reforhandle WTO-avtalen, så er Smedshaug meir tilbakehalden.

- Det eg uttalar meg om er meir observasjonar. Over tid blir det meir press mot å reforhandle WTO-avtalen. Viss ein skal legge til rette for auka matproduksjon, så bør ein sjå på rammene som WTO-avtalen legg og kva vilkår ein treng i ei verd som krev auka matproduksjon, seier Smedshaug.

«Viss ein skal legge til rette for auka matproduksjon, så bør ein sjå på rammene som WTO-avtalen legg og kva vilkår ein treng i ei verd som krev auka matproduksjon»

Christian Anton Smedshaug, dagleg leiar i AgriAnalyse

Han vikarierte nokre månader som statssekretær for Sp i Klima- og miljødepartementet fram til påske, men han er nå tilbake i AgriAnalyse.

Mjølkk eller korn?

Tidlegare har partane løyst WTO-problematikken ved å ta enkeltproduksjonar ut frå målpris-systemet. Det fører til at partane i jordbruksoppgjere ikkje lenger kan styre prisutviklinga på desse varene i tillegg til andre utfordringar knytt til regulering og løfting av inntekt.

Etter at målprisen på svin blei fjerna i fjor står nå mjølk og korn for det aller meste av AMS som skal rapporterast inn.

Smedshaug vil nødig gå inn på ei vurdering om det er mest aktuelt å fjerne målprisen på mjølk eller korn. Eller om gjødselkompensasjonen må kome som tilskot til areal og dyr i staden for ei refusjon av kostnadene over eit visst nivå per kilo for å unngå å overskride WTO-taket.

- Kan partane måtte velje mellom to eller fleire vonde her?

- Eg reknar med at partane vil finne løysingar. Det er ein ekstraordinær situasjon, seier Smedshaug, som gir uttrykk for at han ikkje ser føre seg at målprisen må vike på anten mjølk eller korn.

- Ikkje på sikt heller?

- Det er ingen som heilt veit kva som skjer på sikt. Det kan vere ein må diskutere om avtalane som blei inngått tidleg på 90-talet svarar på dagens utfordringar eller om ein må sjå på rammeverket med nye auge. Verda er i ein heilt anna situasjon i dag når det gjeld matforsyning, seier han.

Ulike grep i EU-land

Smedshaug seier han ikkje ønsker å gi råd til kva partane som sit og forhandlar bør gjere. Han viser derimot til at fleire land i Europa, som Polen og Spania, har innført ekstraordinære tiltak.

EU gav for nokre veker sidan Polen løyve til å utbetale arealstøtte på litt over 100 kroner per dekar for dyrka

jord og vel 50 kroner per dekar for beite som kompensasjon for høge gjødselprisar. Støtta blir gitt opp til maks 500 dekar per bonde. Makimal støtte per bonde er dermed på litt over 50.000 kroner medan samla kostnad for tiltaka i Polen skal vere på rundt 8,5 milliardar norske kroner.

I Spania peiker Smedshaug på at det nå blir lagt til rette for inflasjonsjusterte kontraktar til dømes på grøntvarer som gjer at bøndene ikkje får risikoen for auka kostnader.

Staten skriv følgjande om tilpassingane som er gjort til WTO-reglane dei siste åra:

«Over halvparten av markedsinntektene i jordbruket er nå i sektorer som ikke har målpriser og virkemidler for markedsprisstøtte. Det innebærer at jordbruksavtalens mulighet til å forhandle om og regulere priser er sterkt redusert. Det reduserer også muligheten for å forhandle om, og påvirke inntektsutviklingen», skriv staten.

Image-text:

WTO-tak: Taket på prisstøtte er i ferd med å bli overskride, ifølgje staten. Det kan føre til at partane i jordbruksoppgjæret anten må dempe prisveksten på mjølk eller korn, fjerne målprisen eller kompensere for høge gjødselprisar på andre måtar enn direkte på pris.
Foto: Bjarne Bekkeheien Aase

Extra-info:

Fakta

Målprisar og WTO-reglar

Fleire jordbruksvarer har ein målpris som blir bestemt i jordbruksoppgjæret. Det gjeld mjølk, korn, poteter og fleire grøntvarer.

Det er marknadsregulatorarar som Tine og Felleskjøpet Agri som har ansvar for å ta ut målpris ved å regulere tilbodet opp mot etterspørselen.

Målprisen er ein makspris. Blir prisen høgare enn målpris eitt år, så må prisen reduserast tilsvarande neste avtaleår.

WTO reknar målprisar som forstyrrende på handelen. Norge har forplikta seg til å avgrense ulike former for prisstøtte (AMS) til maks 11,449 mrd. kr (såkalla gul boks) i året. Støttenivået blir rekna ut frå referanseprisar frå åra 1986 til 1988. For å unngå taket er fleire varer fjerna frå målprissystemet.

Kylling blei tatt ut av både målprissystemet og marknadsordningane i 2007, ofte omtalt som «kyllinggrepet». I 2009 blei storfe flytta over til den såkalla volummodellen. Egg og lam kom etter i 2013 og svin i 2021.

For varer i volummodellen skal Nortura setje ein «planlagt gjennomsnittleg engrospris» (PGE) to gonger i året. Prisen på kylling er marknadsstyrt.

© Nationen - Login

Alle artikler er beskyttet av lov om opphavsrett til åndsverk. Artikler må ikke viderefremmes utenfor egen organisasjon uten godkjenning fra Retriever eller den enkelte utgiver.

Les artikkelen ved å klikke her.